

Helgjødssel

- EI LOKALPRODUSERT NPK-GJØDSEL

Helgjødssel er etter kvart godt innarbeidd som mineralgjødssel til beite- og enggjødsling. Gjødsla er godt dokumentert i ulike forsøk og har gitt lik avling og kvalitet som anna tilsvarande NPK-gjødssel.

Norsk Landbruksrådgiving Rogaland
Ragnvald Gramstad,
seniorrådgivar

Praktisk bruk av Helgjødssel

Helgjødssel kan ein i dag få kjøpt som Helgjødssel 18-1-10 med eller utan tilsetjing av kobolt eller kopar. Helgjødssel 18-1-10 er godt tilpassa til bruk som grunnkjødsling til beite om våren, der ein ikkje nyttar beite som spreieareal for husdyrgjødssel. Høveleg mengde per daa om våren kan vera om lag 40-45 kg/daa. Dersom ein vel å gi kobolt, vil Helgjødssel, tilsett 2 kg koboltsulfat per tonn gjødssel med 40-45 kg per daa om våren, gi tilstrekkeleg kobolt for heile beitesesongen. Ein kan eventuelt fordela same gjødsla over to utkøyringar med om lag 25 kg/daa kvar gong.

Helgjødssel 18-1-10 kan også vera ei alternativ NPK-gjødssel til eng der ein har god fosfortilstand i jord, og ikkje skal bruka husdyrgjødssel. Eksempelvis som vårgjødssel til kvalitetshøy til hest. Ca. 60 kg 18-1-10 per daa tidleg om våren vil vera høveleg mengde til ei god høyavling i slutten av juni.

Nyheit i 2017

Selen er eit viktig mikronæringsstoff som det finst lite og ikkje noko av i beite og enggras.

Tilføring av selen har positiv effekt på å styrka immunforsvaret til dyr, og spesielt med tanke på mindre mastitt, betre brunst osv.

Det vert tilført selen på fleire måtar i dag, men tilføring gjennom gjødsling og opptak via jord opp i plantene har alltid hatt positiv effekt. Tidlegare



Helgjødssel 18-1-10 kan vera ei alternativ NPK-gjødssel til eng der ein har god fosfortilstand i jord, og ikkje skal bruka husdyrgjødssel. Foto: Norsk Naturgjødssel

nytta ein mineralgjødssel 21-3-8 eller i dag også gjennom NK 22-0-12, tilsett selen.

I vår kan ein på bestilling få tilsett selen i Helgjødssel 18-1-10 eller Helgjødssel 18-1-2. Bruk av 40-50 kg Helgjødssel 18-1-10/daa eller 20-25 kg 18-1-2/daa vil gi ca. 1 gram selen per daa. Det skal vera tilstrekkeleg for forsyning av selen gjennom heile beiteperioden.

Kanskje kan dette vera med på å gi ei betre jurhelse og mindre jurbetenelse på sau i mai/juni?

Helgjødssel 18-1-2

Denne typen Helgjødssel vart produsert ny i 2014, og er tilsett 4 kg koboltsulfat per tonn gjødssel. Denne Helgjødsla er aktuell som beitegjødssel i

kombinasjon med husdyrgjødssel om våren. Ei aktuell tilråding kan vera ca. 2 tonn tynn blautgjødssel/daa tidleg om våren, og i tillegg overgjødsling med om lag 20-25 kg Helgjødssel 18-1-2 med 4 kg koboltsulfat/tonn.

Dette vil sikra tilstrekkeleg koboltforsyning gjennom heile beitesesongen.

Det er så langt ikkje mogleg å tilføra både kobolt og selen i denne gjødsla, altså må ein gjera eit val.

Ta kontakt med di lokale NLR-eining om aktuelle løysingar for gjødsling og eventuelt tilføring av kobolt, kopar og selen.